

# Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2023

## SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle frimrådet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og har pr. 31.12.23 465 registrerte medlemmar. Medlemskapet kostar kr 200 kroner for privatpersonar og kr 300.- for familiar. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet.

## GÅVER- TILSKOT I 2023

	2023	(2022)
Norsk Tipping (grasrotandelen):	kr 69.429	(kr 53.743)
Medlemspengar:	kr 122.590	(kr 114.030)
Offentlige tilskot, avtale kommunen	kr 119.739, (inkl mva-kompensasjon)	(kr 199.080)
Gåver/sponsormidlar	kr 375.000, (150.000 utbetalt i 2024)	(kr 7.500)
Andre gåver, Gunhildvågen kjemiske	kr 2.500	(kr 1.504)
BB gruppen bidreg med gode rabatter på reinhald.		
Rå Saum har reparert presenning på gapahuken gratis		

Vi er takksame for alle gåver og inntekter. Dei vert alle styrt mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

## DRIFT

Folkeparken er eit svært populært tur- og rekreasjonsområde og vert brukt heile året. Området er også mykje brukt til uformelle samlingar for lag, organisasjonar, skuleklassar og andre. Vi har ikkje gjennomført teljingar, men meiner fleire hundre er i folkeparken kvar veke. Vi har funne ei driftsform som virker å vere godt motteke av dei fleste.

Det har vore lite uro og uønska adferd i året som har gått. Folk er flinke til å bruke søppelkorgene og det er lite avfall å rydde, så folket er i det heile flinke til å rydde opp etter seg og halde det fint i parken.

Folkeparken og arbeidet som vert utført blir lagt merke til av andre langt utforbi Kinn Kommune og vi har hatt besøk og gjester frå fleire andre kommunar, samt ein stor delegasjon frå Vestland fylkeskommune. Alle desse som har vore på informasjonstur til oss vil vite korleis vi får til alt dognadsarbeid, drift og aktivitet elles.

## Utdrag frå saker behandla i styret.

- Drift av kafeen og dagleg drift av folkeparken
- Oppfølging og gjennomføring av prosjekt og investeringar
- Søknader om støtte til investeringar, m.a nytt grindbygg i aust
- Verving av støttemedlemmer
- Skilting av veger og rasteplassar
- Organisere dognadsprosjekt, bygge St.Hansbål, stelle marker, badestrand og skogsområde
- Tilsyn og drift servicebygg, verkstadbygg, gapahuk og grillhytte
- Skilting og merking av parkeringsplass i samarbeid med Kinn kommune
- Utvikle og ferdigstille austre del av strandområdet

## DUGNADSARBEIDET

Folkeparken har ca 70 frivillige som driv kafe, naturvedlikehald/slått vår, sommar og haust, skog- og stranddrydding. Den frivillige innsatsen er nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Så er reparasjon av skader på bord og bygningar blitt en nødvendig del av dognadsarbeidet. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dognadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

Ein presentasjon av dei ulike frivillige sin innsats i 2023:

## SERVICEBYGGET OG SANITÆRANLEGGET

Servicebygget har eit eige husstyre leia av Kari Slettvåg. Servicebygget har gode fasilitetar som WC og utedusj, og kan tilby åpen kafe fleire gonger i veka hele året gjennom, og ekstra åpningstider i høgsesongen. Dette har blitt godt motteke, og styret organiserer frivillige til å betene kafeen. Alt arbeid foregår på dugnad, dvs ingen betaling, og kafeen kan derfor drivast med overskot, i 2023 er overskotet på kr 112.900. Kafeen har kr 249.690 på konto pr 31.12.23. Overskotet vert disponert av kafestyret for bruk til folkeparkens beste.

Husstyret organiserer drifta rundt servicebygget som i hovudsak er kafe og eit servicebygg for besøkande på Sørstrand. Til å drifte kafeen er det engasjert ca 50 personar. Husstyret leverer eiga årsmelding, som vert handsama som eiga sak på årsmøte.

## SLÅTTEKARANE

Sørstrand Folkepart omfattar vel 72 mål med strender, markar, skog og turstiar. Omlag 40 mål er slåttemark som slåttekarane held i orden.

Slåttekarane har i 2023 gjennomført 8 rundar med slått på Sørstrand, frå mai til september. Kvar runde tar 3-4 timer når det er godt oppmøte i denne dognadsgruppa. Slåtteleiar Knut Roald har med seg ei solid gruppe på 9-10 arbeidsvande karar som i mogen alder brukar si erfaring frå gards- og tunarbeid til beste for Sørstrand Folkepark.

Slåtteterrenget er noko ujamt, noko som gir utfordringar for maskinparken. I samarbeid mellom dei mest maskinvande karane i slåttegruppa er det difor innført eit meir systematisk velikehaldsregime etter kvar slåtterunde. Trykkspycling, rensing og sjekk av drivsystem, boltar og skrfeste.

Styret har innvilga midlar til innkjøp av ein fjerde beitepussar slik at det finst tilstrekkeleg med arbeidsreiskapar sjølv om ei maskin i nokre tilfelle må til service på verkstad. Stemminga og arbeidsmoralen mellom slåttekarane har vore særslig positiv gjennom heile året, alt frå innleiande sosial samling med pizza og god drikke ved innleiing av sesongen. Takk til styret for det! Fleire nevenyttige karar i godt vaksen alder har meld si interesse for å slutte seg til slåttekarane i 2024. Gruppa vil difor bli utvida med 1-3 nye gardsarbeidarar i 2024.

## GAPAHUKEN, GRILLHYTTA OG ANNA DUGNAD

Irene Hjorthol har ansvaret for bruken og vedlikehald av GAPAHUKEN. Ho organiserer i tillegg dognadar både i området der gapahuken er, og elles i heile Folkeparken. Dugnader vert organisert og gjennomført effektivt og med godt humør.

GAPAHUKEN blir mykje nytta av forbipasserande, folk som lånar den til tilstellingar, bursdagsfest, o.l. (I praksis heng dei opp ein lapp i gapahuken same dag, så dei er sikre på at den er ledig.) Det har ikkje vore gjort noko vedlikehald i gapahuken i år, utanom jamlege tilsyn og rydding. Seglduken i opninga er teke ned for reperasjon. Gapahuken har og fått reparert presennining i døropninga. Rå Saum v/Siv Klokernes gjorde dette gratis, så det er og flott dugnadsarbeid.

### Gjennomførte dugnader på Sørstrand 2023.

#### 6.mai:

Påfyll av grus for å dekke betongfyllinga mot sjøen mellom første bru og første holme.

Vel 2 timers arbeid for 6 -7 personar.

#### 13.mai:

Rydding av stien mot sjøen, som blei ein god start på jonsokbålet.

Ole Martin og Irene med god hjelp av Magne og traktoren.

#### 8-22.mai:

Nytt dekke blei lagt i Gapahuken. Dei gamle platene blei fjerna, og impregnerte bord lagt på.

Det blei lysare, finare og bedre å sitte på. Rune, med hjelp av Martin og Jack brukte mange dugnadstimar på dette.

#### 22.juni:

Bygging av jonsokbål. Nytt det vi hadde rydda i skog og kratt, samt paller. Bålsjef Jan Henrik fekk hjelp av Ole Martin og Irene. Ikkje det største bålet, men mykje folk kom og grilla og koste seg i det fine jonsokveret.

#### 1.september:

Den lille stien frå dei flate berga (nedanfor Gapahuken) mot flyplassen fekk duk og grus, og til og med ei steinhelle. No synleg og fin å gå på for dei som vil fortsette å gå berga heilt bort mot flyplassen. Ole Martin og Irene med god hjelp av Magne og traktoren.

#### 24.oktober:

Klipping og rydding av krattskog og greiner på ytterste holmen. 7 flittige damer fekk 2-3 timer på seg før sola gjekk ned. Nystussa holme, og geitene hadde ikkje gjort det bedre.

Elles gjer oppsynsmennene Magne og Ole Martin mykje udokumentert arbeid på Sørstrand. Reparering av bord og benker, skoging, rydding, tømming av bossbøtter og mykje anna forefallende. Godt å vite at alle frivillige gjer dette med stor glede.

### TANGLOPPENE



Gunn og Jan Veberg leiar ein av ryddegjengane på Sørstrand folkepark som kallar seg for Tangloppene.

Rydding av strendene på Sørstrand har gått greit også i 2023. Frammøtet for å gjere jobben varierer. Alt frå 2 til 10 personar møter opp. Det er stort sett dei same kvar gong. Vi får mange positive tilbakemeldingar frå folk som går forbi. Det hender og at tilfeldige personar som besøker området gjerne tek rive/trillebår i hand og hjelper til.

Vi skulle gjerne hatt nokre lette flaker (2 til 3) til å køyre trillebårene på for å unngå «tryning» når vi skal tømme. Ei ny trillebår av den minste typen (hagebåre) står og på ønskelista.

## PROSJEKTARBEID OG INVESTERINGAR I 2023 OG VÅREN 2024

I 2023 har det vore gjort investeringar i Gapahuken der det er lagt nytt impregnert tredekke i benkane. Betongplata til det nye grindbygget i aust vart støypt i august. Samla er det investert for til saman kr 90.618 finansiert med eigne midlar.

Det opne grindbygget i aust vert ferdig våren 2024 og er budsjettert til kr 520.000 inkl mva. Bygget er fullfinansiert og Kinn kommune vil stå som eigar av bygget, medan folkeparken finansierer heile byggekostnaden. Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest og Nor teknstil har bidrige med kr 375.000 til grindbygget. Kommunen har gjeve løyve til å bygge på deira grunn, utan kostnad for oss.

Ein har arbeidd med mål om å betre tilgjenge for rullestolbrukarar til badestranda. Folkeparken fekk tilbod om ein rampe med Amfi og WIS, men valde å takke nei til den.

I tillegg har vi dei faste oppgåvene med å halde heile området tilgjengelig og velstelt.

Styret vil også i 2024 fokusere på planmessig forvaltning, drift og vedlikehald av heile området før en går i gong med nye prosjekt som krever dugnadsoppfølging. Vi vil arbeide med fleire mindre arbeid og prosjekt med lav kostnad som i sum vil bidra til å holde området og bygningane innbydande for alle brukarar av Sørstrand folkepark.

Slike mindre prosjekt kan vere:

- Ordne badestranda før sommarsesongen
- Få høvelig utstyr til tangloppene
- Stupebrett - prosjektere og finne egna plassering
- Steinbord og «kjøkenbenk»
- «Disseslunge» – disse, leike/trimapparat
- Lage strandstolar i tre
- Stigetrinn/stigar på berg ved badeplassar
- Sti gjennom skogen
- Utegrill ved «GRINDA»

## REGNSKAPET FOR 2023

Resultatregnskapet for 2023 viser eit overskot på kr 406.537. Vi har kr 458.279 på konto pr 31.12.23 mot kr 61.560 på same tid i fjor. Eigenkapitalen utgjorde kr 2.037.874 pr 31.12.2023, opp frå kr. 1.631.337- pr. 31.12.2022.

## ADMINISTRATIVT

Styret har hatt 7 styremøter i 2023. I tillegg er det avhelde årsmøte 28.februar. Dei viktigaste sakene er omtala her i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. ECIT er regnskapsførar og Stein Soltvedt er valt revisor.

**Styret vil takke alle frivillige som legg ned ein kjempeinnsats for at parken skal framstå som den perla den er.**

## For styret i Sørstrand folkepark

Jan Henrik Nygård, leiar      Rune Bortne, nestleiar      Irene Hjorthol, styremedlem

Kari Slettvåg, styremedlem      Guro Kvalsund, styremedlem      Ole Martin Bøhn, økonomiansvarleg

Leni Notø, styremedlem      Magne Hovland, seniormedarbeidar